



Surnadal Idrettslag

***Postboks 1
6656 Surnadal***

Referat frå styremøte i Surnadal IL

Tid: Måndag 12. desember 2016 kl.19.00-20.00, med påfølgjande juletallerken.
Neste møte: 13.3.2017.
Stad: Thon Hotel Vårsøg
Referent: Øystein Hjelle Bondhus

Til stades: Ola Mogstad
Vidar Ulvestad
Ole Sæterbø
Erik Erland Halle
Linda Margareth Øye
Øystein Hjelle Bondhus
Erling Fiske

Forfall: Anders Grimsmo, Svein Dalen, Stian Faksnes.

Sakliste:

Sak 35/16 Godkjenning av referat frå styremøtet 24. oktober

Styremøteprotokollar vert publisert her:
<http://surnadalil.no/styreprotokoller.5746368-349887.html>

Referatet er godkjent.

Sak 36/16 Rekneskap per 30.9.

Rekneskapen per 30.9. vart gjennomgått og vert teken til etterretning.

Sak 37/16 Budsjett Hovudlag 2017

Forslag til budsjett for hovudlaget vart gjennomgått og vedteke, med dei merknadane som kom fram på møtet.

Sak 38/16 Visjon- og målarbeid

Utkast til punkt 1 i organisasjonsplana, som omhandlar mål, visjonar og verdiar, vart gjennomgått. Øystein sender dette ut til gruppene, som går gjennom i styra sine og kjem med eventuelle innspel innan 1. mars 2017.

Sak 39/16 Orienteringssaker

- Medlemsarbeid v/Øystein

Å sikre at alle aktive er betalende medlemmar i SIL må vere eit fokusområde i 2017.



Surnadal Idrettslag

***Postboks 1
6656 Surnadal***

- Bruk av iZettle v/Øystein

Idrettslaget har fire iZettle-terminalar gruppene kan låne ved behov. Pengane går inn på ein felles konto, og daglig leiar fordeler pengane etter automatisk genererte rapportar frå iZettle. Kvar gruppe er registrert som tilsett under SIL sitt organisasjonsnummer, og det kan difor hentast ut rapportar som viser kvar enkelt gruppe sitt sal.

- Påminning av fristar i køyreplan til årsmøtet 30.3.16. v/Øystein

Fristar for bilag og årsmelding vart nemnd.

Sak 40/16 Eventuelt

Ingen saker.